

A Finstad Cad As
Lægran Gosenvegen 584
7717 STEINKJER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7105 - 22/92751

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
14.12.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 49/2 Fjellsbø sørre

Tiltak: våningshus
Byggjestad: Gbnr: 49/2
Tiltakshavar: Karsten Raa
Ansvarleg søker: A Finstad Cad As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 29.09.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Teikningar av alle tiltak må syne opphaveleg terren, samt planert terren.
2. Teikningar av alle tiltak må syne kotehøgd på planert terren, kotehøgder på etasjar, gesims, og møne.
3. Tinglyst rett/skriftleg avtale om vegrett over gbnr. 48/2 må ligga føre.
4. Nabovarselet blei sendt ut den 29.09.2022, same dag som søknaden kom inn. Ber om at det blir gjort greie for om det føreligg merknader til tiltaket.
5. Heimelshavar er ikkje varsla om tiltaket. Vedkommande må sende inn stadfesting på at han er kjend med, og samtykker til tiltaket.
6. Det er opplyst i søknad at tiltaket skal koplast privat avløpsanlegg. Tiltaket krev utsleppsløyve, og De må søkje kommunen om dette.
7. Skal det nyttast privat vassverk, so må det dokumenterast at det er tilfredsstillande vassmengd og vasskvalitet.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.02.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden. Gje kommunen beskjed dersom De treng å få utsett frist.

Administrasjonen gjer elles merksam på at søknaden ikkje kan handsamast ferdig dersom det ikkje er gjeve utsleppsløyve på førehand. Saka vert derfor satt i bero inntil utsleppsløyve føreligg. Sakhandsaminga held fram når søknaden er komplett.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

A Finstad Cad As
Karsten Raa

Lægran Gosenvegen 584 7717 STEINKJER
Hordvikneset 39 5108 HORDVIK